



OLIVER SVEDJAN
Lerkevegen 19
6153 ØRSTA

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kristin Eide, 71 25 84 33

Vedtak om løyve etter forureiningslova for Oliver Svedjan i Ørsta kommune

Vi viser til Oliver Svedjan sin søknad av 19. juni 2025 om løyve etter forureiningslova til å drive avfallsanlegg i Ørsta kommune.

1. Vedtak

Statsforvaltaren gir Oliver Svedjan løyve til verksemd som kan forureine. Løyve ligg vedlagt. Løyvet er gitt etter forureiningslova § 11, jf. § 16.

Verksemda skal betale eit gebyr for Statsforvaltaren si saksbehandling. Gebyret blir fastsett til kr. 22 900. Vedtaket om gebyr er gjort etter forureiningsforskrifta § 39-4.

2. Kort om bakgrunnen for saken

Jamfør forureiningslova § 32 skal den som handterer næringsavfall sørge for at avfallet blir brakt til lovleg avfallsanlegg eller gjennomgår gjenvinning, slik at det opphøyrer å vere avfall eller på anna måte kjem til nytte ved å erstatte material som elles ville vorte brukt. Med løyve etter forureiningslova er Oliver Svedjan eit lovleg anlegg for mottak og behandling av EE-avfall. Plikter for behandlar går fram av avfallsforskrifta kap. 1 del VI, og gir grunnlag for vilkår i løyvet slik at forureining ikkje oppstår.

Oliver Svedjan har søkt om å ta imot kabelavfall (heretter: EE-avfall) frå andre bedrifter, og levere vidare ulike fraksjonar til materialgjenvinning. Det er søkt om årleg mottak av 100 tonn EE-avfall, med maksimal lagringstid på 12 månader.

I hovudsak vil skilde fraksjonar vere granulert plast, granulert kobbar og granulert aluminium. Det blir opplyst at knusing og sortering skal skje med trykkluft og ristebrett i tett kammer med



støvutskiljing. Det kan førekomme fraksjonar av restavfall og metall saman med mottatte kablar, avhengig av kor godt sortert EE-avfallet er ved mottak.

Det er ikkje søkt om utslepp til vatn, luft eller grunn. Støy er ikkje halde fram som utfordrande, men det er likevel søkt om støygrenser. Det blir opplyst at all lagring og aktivitet skal skje innandørs.

Verksemda held til på eit regulert næringsområde på Mosflata, og ligg nært til andre næringsaktørar, ein landbrukseigedom og eit vassdrag.

3. Statsforvaltaren si vurdering

Faktagrunnlag og grunngjeving for vedtaket

Verksemda opplyser at den er ei nyetablering som skal ta imot hovudsakleg kabelavfall frå andre bedrifter. Plast, kobbar og aluminium skal skiljast og leverast til godkjent mottak for materialgjenvinning.

EE-avfall er definert i avfallsforskrifta som produkt og komponentar som er avhengige av elektrisk straum eller elektromagnetiske felt for korrekt funksjon, og utstyr for generering, overføring, fordeling og måling av slike straumar og slike felt, her under omfattast dei deler som er naudsynte for avkjøling, oppvarming, skydd m.m. av dei elektriske eller elektroniske delane.

Verksemda informerer om at EE-avfallet kan kome saman med noko restavfall og anna metall, avhengig av kor godt sortert EE-avfallet er ved mottak. Slikt avfall skal sorterast ut og leverast til godkjent mottak.

Støy (punkt 6 i løyvet)

Oliver Svedjan opplyser at verksemda leiger plass i eksisterande bygning på eigedomen gbnr. 18/529, og at næraste naboar blir andre næringsaktørar. Fordi aktiviteten skal skje innandørs så ventar ikkje søkjar støyutfordringar.

Statsforvaltaren ser av kart over området at det også er ein bustad i tilknytning til ein landbrukseigedom (støyfølsam busetnad, jf. støyretningsline T-1442) om lag 30 meter frå der verksemda skal halde til. Gjeldande reguleringsplan har ikkje støyføresegner, men i reguleringsplanen blir det opna for å kunne etablere støyvoll i parkbeltet mellom industriområdet og bustadområdet. Støyvollen er etablert. Vår vurdering er at verksemda antakeleg ikkje vil gje støyutfordringar, men vi vel likevel å sette vilkår som sikrar eit akseptabelt støynivå for omkringliggjande bustad.

I løyvet blir det sett vilkår med støygrenser for bedrifta Oliver Svedjan.

Forureina grunn (punkt 7 i løyvet)

Verksemda har opplyst at det ikkje er grunn til å tru at det er forureina grunn på området. Vi ser at det ikkje er registrert mistanke om forureina grunn på staden, jf. www.grunnforurensning.no. I tillegg viser Historiske bilde (www.gislink.no) at det før var jordbruksareal på staden, som ein gong mellom 2015 og 2018 vart gjort om til næringsformål. Statsforvaltaren er samd i at det er lite sannsyn for at det er forureina grunn på staden.



Utslepp til luft, vatn og grunn

Oliver Svedjan påpeikar at etableringa vil føre til at ein større del av EE-avfallet i regionen vil bli resirkulert lokalt på ein miljøvennleg måte. Det blir også halde fram at aktivitet skal skje innandørs i tett kammer med støvutskiljing. Lagring er opplyst å skje innomhus, i tett behaldar på betonggolv. Fraksjonane blir skild i tett kammer og med støvsamlar, og prosessen skal skje innendørs og utan utslepp til vatn, luft og grunn.

Naturmangfaldsvurdering

Forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 ligg til grunn for Statsforvaltaren si utøving av mynde. Vidare skal prinsippa i §§ 8 til 12 om blant anna kunnskapsgrunnlag, føre-var-tilnærming og samla belastning bli lagt til grunn som retningslinjer når vi treffer avgjerder som gjeld naturmangfaldet.

I Ørstaelva, som renn like ved, er den trua arten (VU) elvemusling registrert, samt at elva er tilgjengeleg for anadrom fisk. Området på land er prega av anna næringsverksemd og landbruksdrift. Vår vurdering er at aktiviteten til Oliver Svedjan ikkje vil påverke negativt naturmangfaldet i elva og på land, og det er liten risiko for skade på ukjende naturverdiar elles i området, jf. naturmangfaldlova § 8. Naturmangfaldlova §§ 9 og 10 blir difor ikkje tillagt vekt.

Vassforskrifta

Vassforskrifta har forpliktande miljømål om at myndigheitene skal sørge for at alle vassførekomstar skal oppnå god kjemisk og økologisk tilstand innan 2021 med mindre det er gitt unntak med heimel i forskrifta § 9 eller § 10.

Ørstaelva som drenerer til vassførekomst *Ørstaffjorden indre*, ligg nær industriområdet og verksemda. Vi vurderer at vassdraget ikkje blir negativt påverka, sidan det ikkje er søkt om utslepp til vatn, luft eller grunn. Kjemisk og økologisk tilstand vil ikkje bli endra som følge av Oliver Svedjan sin aktivitet.

Forureiningsforskrifta

Når Statsforvaltaren vurderer om løyve til forureinande verksemd skal bli gitt, og eventuelt på kva vilkår, skal vi legge vekt på dei forureinande ulempene ved tiltaket halde saman med fordeler og ulemper tiltaket elles vil medføre, jf. forureiningslova § 11 siste ledd. I vurderinga vil vi særleg ta i betraktning i kva grad verksemda er akseptabel sett i lys av forureiningslova sitt formål og retningslinjer i §§ 1 og 2.

Metall og plast i EE-avfall kan gje forureining av tungmetall, plast mm. til skade for økosystem og menneske, om det ikkje blir forsvarleg handtert og lagra.

EE-avfall skal behandlast forsvarleg og ved bruk av dei beste tilgjengelege teknikkane. EE-avfall skal lagrast og behandlast på plass med tett dekke, nausynt anlegg for oppsamling og reinsing av overvatn, og nausynt tak eller anna klimavern. Med lagring og aktivitet innandørs bør det sjåast til at forureining ikkje slepp ut til vatn og grunn via sluk og avlaup.

Statsforvaltaren har konkludert med at verksemda er akseptabel sett i lys av formålet i forureiningslova og retningslinjer i §§ 1 og 2, samt naturmangfaldlova §§ 4 og 5. Etter ei samla vurdering av ulempene knytt til forureining halde saman med dei fordeler og ulemper verksemda elles vil medføre, gir vi løyve til Oliver Svedjan på nærare fastsette vilkår.



4. Saksgang

Statsforvaltaren behandlar søknader i samsvar med forureiningsforskrifta kapittel 36 om behandling av løyve etter forureiningslova.

Førehandsvarsel og uttalar

Saka er førehandsvarsla i samsvar med forureiningsforkrifta § 36-5. Frist for å gi uttale var 25. oktober 2025. Det kom ingen uttaler.

5. Klagerett

Oliver Svedjan og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket, inkludert gebyrsatsen. Ei eventuell klage bør innehalde ei grunngjeving og kva endringar som er ønskt. I tillegg skal andre opplysningar som kan ha betydning for saka, kome fram.

Klagefristen er tre veker frå dette brevet ble mottatt. Ei eventuell klage skal sendast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.

6. De skal gjere løyvet offentleg

Dette vedtaket skal de gjere kjent for offentlegheita, jf. § 36-18 i forureiningsforskrifta. Derfor skal de så snart som mogleg kunngjere vedtaket i dykkar lokale/regionale avis. Gi ein kort orientering om løyvet og informer interesserte om kor dei kan ta kontakt for å få innsyn i saksdokumenta. De skal også informere om kven som er klageinstans og om fristen for å klage på vedtaket. Eit forslag til kunngjeringstekst er lagt ved dette brevet. De kan bruke egen logo i kunngjeringa. Statsforvaltaren sin logo skal ikke brukast.

Vi vil kunngjere vedtaket på våre nettsider www.statsforvalteren.no/mr.

Med helsing

Christian Dahl (e.f.)
underdirektør

Kristin Eide
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Forslag til tekst for dykkar kunngjering av løyvet
- 2 Løyve for Oliver Svedjan etter forureiningslova



Kopi til:
Ørsta kommune

Dalevegen 6

6153

ØRSTA



Løyve til Oliver Svedjan etter forureiningslova

Løyvet er gitt i medhald av lov om *vern mot forurensning og om avfall* av 13. mars 1981 nr. 6 (forureiningslova), § 11 jf. § 16. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningane i søknaden og under saksbehandlinga.

Den driftsansvarlege¹ må i god tid på førehand søkje om å endre løyvet dersom det er ønskje om å endre drifta slik at det kan ha betydning for forureininga frå verksemda, og som ikkje er i samsvar med det som ble lagt til grunn da løyvet vart gitt eller sist endra.

Dersom heile eller vesentlege deler av løyvet ikkje er tatt i bruk innan fire år etter at løyvet har trådd i kraft, skal den driftsansvarlege sende ein ei utgreiing for verksemda sitt omfang slik at vi kan vurdere eventuelle endringar i løyvet.

Nøkkeldata

Driftsansvarleg	Oliver Svedjan
Postadresse	Lerkevegen 19, 6153 Ørsta
Org. nummer	934 861 337
Næringskode og bransje	38.210 Materialgjenvinning
Namn på anlegget	
Kategori for verksemda ² / Typeverksemd	Kjøp og sal av resirkulerbart materiale.
Stad/ Gateadresse	Mosflatevegen 2b
Kommune og fylke	Ørsta kommune i Møre og Romsdal
Lokalisering av verksemda	UTM sone 32, øst: 6,14692, nord: 62,18940
Gnr./bnr.	18/529

Forureiningsmyndigheita sine referansar

Løyvenummer: 2025.0883.T	Anleggsnummer: 1520.0118.01	Arkivreferanse: 2025/4276
Løyve første gang gitt: 05.11.2025	Løyve sist revidert i medhold av forureiningslova § 18 tredje ledd:	Tillatelse sist endra:
Christians Dahl underdirektør forureining		Kristin Eide senioringeniør

¹ I dette dokumentet menes:

virksomhet: den forurensende aktiviteten på en bestemt lokalitet

driftsansvarlig: den fysiske eller juridiske person som driver eller kontrollerer driften av virksomheten

² Jf. forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften) kapittel 36 om behandling av tillatelser etter forurensningsloven



Endringslogg

Endringsnummer	Endringar av	Punkt og skildring av endring



Innholdsliste

Innholdsliste	3
1. Løyvet si ramme.....	5
1.1 Lokalitet	5
1.2 Avfallstyper, -behandling og -mengder	5
2 Generelle vilkår	5
2.1 Avgrensing av utslepp.....	5
2.2 Plikt til å overhalde grenseverdier.....	5
2.3 Plikt til å redusere forureining	5
2.4 Utskifting av utstyr	5
2.5 Plikt til førebyggjande vedlikehald	6
2.6 Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare	6
2.7 Sikring og skjerming.....	6
3 Handtering av avfall	6
3.1 Generelle krav til avfallshandtering	6
3.2 Mottak av avfall.....	6
3.3 Lagring	7
3.4 Behandling av avfall	7
3.4.1 Krav til sortering og omlasting	7
3.5 Krav til levering vidare	7
3.6 Avfall som oppstår i verksemda	7
4 Utslepp til vatn	8
5 Utslepp til luft.....	8
6 Støy.....	8
7 Forureining av grunn, grunnvatn og sediment.....	8
8 Kjemikaliar	8
9 Energi	8
10 Utsleppskontroll og rapportering til forureiningsstyresmakta.....	9
11 Miljøovervaking.....	9
12 Miljørisikoanalyse og beredskap mot akutt forureining.....	9
12.1 Miljørisikoanalyse	9
12.2 Risikoreduserande tiltak.....	9
12.3 Beredskap mot akutt forureining.....	9
13 Eigarskifte, omdanning mv.....	10



14	Nedlegging og driftsstans.....	10
15	Undersøkingar og utgreiingar.....	10



1. Løyvet si ramme

1.1 Lokaltet

Løyvet gjeld forureining frå drifta ved Oliver Svedjan i Ørsta kommune. Vedlegg 2 viser kart over området løyvet gjeld for.

1.2 Avfallstyper, -behandling og -mengder

Løyvet gjeld mottak av elektrisk og elektronisk avfall (EE-avfall) til gjenvinning av aluminium, kobbar og plast. Løyvet gjeld mottak av inntil 100 tonn årleg kabelavfall frå bedrifter. Mengde avfall på verksemda sitt område skal ikkje på noko tidspunkt overstige 100 tonn. Grensa gjeld samla for avfall som blir lagra i påvente av behandling, avfall som er under behandling og ferdig behandla avfall.

Tabell 1: Avfallstyper, mengde og lagringstid

Avfallstype	Behandling	Maksimalt mottatt per år, tonn	Maksimalt på lager til enhver tid, tonn	Maksimal lagringstid, månader
Kasserte elektriske og elektroniske produkt (EE-avfall) i form av kablar	Behandling av EE-avfall (mottak, fragmentering, lagring, levering vidare)	100	100	12

2 Generelle vilkår

2.1 Avgrensing av utslepp

Utsleppskomponentane frå verksemda som er antatt å ha størst miljømessig betydning, er uttrykkeleg regulert gjennom spesifikke vilkår i dette løyvet. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten er også omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp er komet fram i høve med saksbehandlinga eller må ha vært kjent på annan måte da vedtaket ble fatta.

2.2 Plikt til å overhalde grenseverdiar

Alle grenseverdiar skal overhaldast innanfor dei fastsette midlingstidene.

2.3 Plikt til å redusere forureining

Den driftsansvarlege skal redusere utslepp frå verksmeda så langt det er mogleg utan urimelege kostnader. Plikten omfattar også å redusere utslepp av komponentar det ikkje uttrykkeleg er satt grenser for i løyvet etter forureiningslova.

2.4 Utsifting av utstyr

Ved utskifting av utstyr skal det nye utstyret vere i samsvar med beste tilgjengelege teknikkar med sikte på å motvirke forureining og annan negativ påverknad på miljøet.



2.5 Plikt til førebyggjande vedlikehald

Den driftsansvarlege skal sørge for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha betydning for utslepp. System og rutinar for vedlikehald skal vere dokumentert.

2.6 Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare

Dersom det oppstår fare for auka forureining plikter den driftsansvarlege så langt det er mogleg utan urimelege kostnader å iverksette naudsynte tiltak for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren, inkludert å redusere eller innstille drifta.

Den driftsansvarlege skal så snart som mogleg informere forureiningsmynda om forhold som kan føre til vesentleg auke i forureining eller forureiningsfare.

2.7 Sikring og skjerming

Anlegget skal til ei kvar tid vere sikra mot tilkomst for uvedkomande og tjuveri. Utanom opningstidene skal anlegget vere avstengt.

Den driftsansvarlege skal utarbeide rutinar for drifta som sikrar at nærmiljøulempene som følge av avfallshandteringa, blir redusert til eit minimum. Anlegget skal ha tilstrekkeleg skjerming, gjerde eller liknande for å unngå skjemmande innsyn og spreining av avfall.

3 Handtering av avfall

3.1 Generelle krav til avfallshandtering

All handtering av avfall skal vere basert på ein risikovurdering, jf. punkt **Error! Reference source not found..**

Avfall skal så langt det lar seg gjere blir handtert i tråd med avfallshierarkiet md prioriteringsrekkefølge:

1. Forberede til ombruk
2. materialgjenvinning
3. anna gjenvinning
4. sluttbehandling

Krav i avfallsforskrifta kapittel 10a om utsortering og materialgjenvinning av enkelte avfallstyper gjeld i tillegg til krav i løyvet.

3.2 Mottak av avfall

Avfall skal bli veid og registrert inn til anlegget. Registreringa skal minimum bestå av:

- avfallstype
- mengd i kilogram
- opphav og leverandør
- dato for mottak

Oversikt over registrert avfall skal vere tilgjengeleg ved inspeksjon og bli oppbevart i minst fem år.

Den driftsansvarlege skal ha skriftlege rutinar for mottakskontroll som sørger for at anlegget berre mottar den avfallstype som er omfatta av løyvet. Det skal vere definert kva som skal bli



kontrollert ved mottak av avfall, inkludert behov for stikkprøvetaking og inspeksjon. Det skal også være kriterier for når avfall skal bli avvist.

Den driftsansvarlege skal informere kundar om kva avfallstyper som er tillat levert til anlegget.

Avfall som verksemda har løyve til å handtere, men som ikkje kan bli handtert på ein forsvarleg måte ved anlegget, skal bli levert til eit anlegg med løyve som kan behandle avfallet.

Avvik i mottakskontrollen skal bli registrert og den driftsansvarlege skal ha system og rutinar for å følge opp avvik og hindre at same avvik skjer igjen.

3.3 Lagring

Lagra avfall skal vere merka slik at det er tydeleg kva som er lagra. Den driftsansvarlege skal i tillegg ha kart kor det er markert kor forskjellige typar avfall er lagra. Den driftsansvarlege skal også ha en oversikt over mengder, kvalitet og lagringstid for ulike typar avfall.

Avfall med ukjent innhald skal lagrast innandørs på tett dekke inntil naudsynt dokumentasjon på innhaldet er skaffa.

Ferdig behandla avfall skal bli lagra åtskilt frå ubehandla.

EE-avfallet skal lagrast og behandlast på stad med tett dekke, naudsynt anlegg for oppsamling og reinsing av overvatn, og naudsynt tak eller anna klimavern.

Krav til lagringsforhold for ulike avfallstyper står i tabell 2.

Tabell 2: Krav til lagringsforhold

Avfallstype	Lagring
EE-avfall	Innandørs

3.4 Behandling av avfall

3.4.1 Krav til sortering og omlasting

Sortering og omlasting av EE-avfall skal skje innomhus på tett dekke.

3.5 Krav til levering vidare

Avfall som blir levert ut av anlegget skal bli veid og registrert. Registreringa skal som minimum bestå av:

- avfallstype
- mengd i kilogram
- mottakar

Den driftsansvarlege skal informere mottakaren om innhaldet i avfallet.

3.6 Avfall som oppstår i verksemda

Den driftsansvarlege skal ha oversikt over avfall som oppstår som følge av egen drift. Avfallet skal bli handtert i tråd med krava i forureiningslova § 32.



4 Utslepp til vatn

Det er ikkje søkt om utslepp til vatn.

5 Utslepp til luft

Det er ikkje søkt om utslepp til luft.

6 Støy

Det verksemda bidreg med av utandørs støy ved omkringliggjande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar, skal ikkje overskride følgjande grenser, målte eller berekna som innfallande lydtrykknivå ved den mest støyutsette fasaden:

Dag, kvardagar (kl. 07–19) $L_{pAeq12h}$	Kveld, kvardagar (kl. 19–23) L_{pAeq4h}
55 dB(A)	50 dB(A)

L_{pAeqT} er det A-vegne gjennomsnittsnivået (dBA) midla over driftstid, der T angir midlingstida i talet på timar.

L_{AFmax} er det gjennomsnittlege A-vegne maksimalnivået for dei 5–10 mest støyande hendingane i perioden med tidskonstant "Fast" på 125 ms.

Driftstid er kvardagar kl. 08.00 – 16.00. Støygrensene skal overhaldast innanfor alle tidsperiodane. Støygrensene gjeld all støy frå verksemda, inkludert intern transport på verksemdsområdet og lossing og lasting av råvarer og produkt. Grensene gjeld likevel ikkje støy frå mellombels bygg- og anleggsverksemd og frå transport av tilsette til og frå verksemdsområdet.

7 Forureining av grunn, grunnvatn og sediment

Den driftsansvarlege skal halde jamleg oversikt over eventuell eksisterande forureina grunn på verksemdsområdet og forureina sediment utanfor, inkludert oversikt over faren for spreining, og dessutan vurdere behovet for undersøkingar og tiltak.

8 Kjemikaliar

Den driftsansvarlege skal etablere eit system for å vurdere substitusjon av kjemikaliar som blir brukte i verksemda. Systemet skal dokumentere dei vurderingane som er gjorde for å oppfylle substitusjonsplikta som følgje av produktkontrollova § 3 a.

9 Energi

Den driftsansvarlege skal ha eit system for å oppnå ei mest mogleg energieffektiv drift av anlegget og gjennomføre tiltak for å redusere utslepp av klimagassar.



10 Utsleppskontroll og rapportering til forureiningsstyresmakta

Innan 1. mars kvart år skal den driftsansvarlege rapportere til forureiningsstyresmakta. Den årlege rapporteringa skal omfatte ei vurdering av påverkinga for verksemda på miljøet i rapportåret, ei oversikt over avfallsmengdene anlegget har teke imot, behandla og sendt vidare, kjende brot på løyvet, energi og andre miljømessige forhold ved verksemda.

11 Miljøovervaking

Det er ikkje krav om miljøovervaking.

12 Miljørisikoanalyse og beredskap mot akutt forureining

12.1 Miljørisikoanalyse

Den driftsansvarlege skal til kvar tid ha oversikt over alle forhold ved verksemda som kan medføre forureining, og kunne gjere greie for risikoforhold. Den driftsansvarlege skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse av verksemda si og vurdere resultata opp mot akseptabel miljørisiko. Denne risikoanalysen skal ta omsyn til brann- og eksplosjonsfare, ekstremvær, flaum og klimaendringar. Risikoen for spreiding av framande artar skal også inngå i miljørisikovurderinga.

Den driftsansvarlege skal sørge for kartlegging av potensielle hendingar som kan føre til akutt forureining av vatn, grunn og luft.

12.2 Risikoreduserande tiltak

Med grunnlag i miljørisikoanalysen, i punkt 12.1 Miljørisikoanalyse, skal den driftsansvarlege, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader, setje i verk risikoreduserande tiltak for å redusere miljørisikoen til eit akseptabelt nivå.

12.3 Beredskap mot akutt forureining

Dersom risikoreduserande tiltak som er sette i verk etter punkt 12.2 Risikoreduserande tiltak, ikkje har redusert risikoen for akutt forureining ned på eit akseptabelt nivå, skal den driftsansvarlege etablere beredskap, med tilhøyrande beredskapsplan, med utgangspunkt i miljørisikoanalysen for verksemda.

Beredskapsplanen skal beskrive organiseringa av beredskapen, utstyr, angi responstid og innsatsplanar.

Beredskapen skal vere tilpassa den restrisikoen som står att etter at risikoreduserande tiltak er gjennomførte, jf. forureiningslova § 40.

Den driftsansvarlege skal etablere ein beredskapsorganisasjon med nødvendig personell og utstyr. Kompetanse, opplæring og organisering skal vere dimensjonert for restrisikoen.

Beredskapen skal øvast minst éin gong i året.



13 Eigarskifte, omdanning mv.

Den driftsansvarlege skal sende melding til forureiningsstyresmakta så snart som mogleg og seinast éin månad etter at aksjane eller andelane i den driftsansvarlege blir overdregne til ny eigar eller den driftsansvarlege får ny eigar med avgjerande innverknad.

Det same gjeld dersom den driftsansvarlege skal fusjonere, fisjonere, på annan måte blir omdanna eller driftsansvaret blir overført til ein ny driftsansvarleg.

14 Nedlegging og driftsstans

Ved nedlegging eller varig driftsstans skal den driftsansvarlege sørge for at alt avfall blir rydda og teke hand om på forsvarleg vis. Den driftsansvarlege skal rapportere om oppryddinga til forureiningsmynda innan tre månader etter nedlegging eller stans.

Ved nedlegging av ei verksemd skal den driftsansvarlege sørge for at driftsstaden blir sett i miljømessig tilfredsstillande stand.

Den driftsansvarlege skal rapportere etter krava i punkt 10 også for nedleggingsåret.

15 Undersøkingar og utgreiingar

Det er ikkje stilt krav om undersøkingar og utgreiingar.



Vedlegg 1: Omgrep og forkortingar

Omgrep	Forklaring
Den driftsansvarlege	Den fysiske eller juridiske personen som driv eller kontrollerer drifta av verksemda
Diffuse utslepp	Alle utslepp utanom eventuelle punktkjelder
Fast dekke	Fast dekke med moglegheit for oppsamling av avrenning, t.d. asfalt
Impulsstøy	Kortvarige, støyttvise lydtrykk som varer under 1 sekund, og der impulslyden er av typen "highly impulsive sound" som definert i T-1442 kapittel 6
Innandørs	Fire vegger, tak og dør eller port
Midlingstid	Tidsrommet for berekning av gjennomsnittet av prøvene i ei måling
Tett dekke	Fast, ugjennomtrengjeleg og tilstrekkeleg slitesterkt dekke for dei aktuelle avfallstypene
Verksemd	Den forureinande aktiviteten på ein viss lokalitet



Vedlegg 2: Kart over gbnr. 18/529 i Ørsta kommune

